

AQUAPARTNER TELEMARK AS
Haukelivegen 7058
3895 EDLAND

Vår dato: 17.10.2025
Vår ref.: 202519126-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 25/244709

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Høyring - Søknad om dispensasjon - Utbetring av E134 mellom Flothyl og Haukeli - Vinje kommune

Vi viser til høyring med søknad om dispensasjon datert 19.09.2025. Det er planlagt vegutbetring av eit delstrekk av E134; mellom Flothyl og Haukeli i Vinje kommune. Det er søkt om dispensasjon frå byggeforbodssona mot vassdrag.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndigheit innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, overvatn, allmenne interesser knytte til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing til kommunane om korleis desse saksområda skal takast omsyn til i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs vurdering

Flaum- og skredfare

Som det er omtalt i rapporten frå SVV er det planlagde tiltaket utsett for flaum- og skredfare. NVE legg til grunn at dette blir vareteke som omtalt i rapporten.

Mogleg konflikt med vassdragsomsyn

[NVE-Atlas](#) og [kartbasert rettleiar for reguleringsplan steig 16 viser at](#) tiltaket ligg nært Kjela-vassdraget.

For tiltak i og nært vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er varetatt. Det gjeld ei generell aktsemdsplikt for tiltak i vassdrag ([vassressurslova § 5](#)).

Kommunen har ikkje gjort ei konkret vurdering av om vilkåra for å gi dispensasjon frå pbl. § 1-8 eller føresegnar i plan ligg føre, eller om omsynet til vassdraget er tilstrekkeleg varetatt.



Konklusjon:

Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert om omsyn til vassdraget er tilstrekkeleg varetatt. Vi frårår at det blir gitt løyve til tiltaket før det ligg ei vurdering føre som viser at vassdragsomsyn er varetatt.

For ytterlegare rettleiing om korleis kommunen kan sørge for at omsynet til vassdraget og vassdragsverdiane blir varetatt, viser vi til NVEs nettsider [Tiltak i vassdrag og grunnvatn \(Vannuttak og fysiske inngrep i vassdrag - NVE\)](#) og den kartbaserte rettleiinga vår for vassdrag.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutredninger som er bestilt etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar](#). Vi ønsker også å få inn naturfareutgreiingar bestilt før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finst her: [Meld inn naturfareutgreiingar - NVE](#).

Generell informasjon

For meir informasjon og rettleiing knytt til temaa våre viser vi til internettssidene [våre for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og rettleiinga delt inn etter plannivå og bygge-/dispensasjonssak.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

AQUAPARTNER TELEMAR AS

Kopimottakarar:

STATENS VEGVESEN

VINJE KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR